

Resultatet av amerikanarvisitten i sommar føreligg. Det har vorte ein grundig, lang og svært informativ artikkel om Nåso i det verdsospennande magasinet Climbing. Forfattar Brendan Leonard er tydeleg imponert og held fram at vårt fjell er interessant og vilt, en hemmelig pynt på et uventet sted, Han slår fast at vi har noe spesielt i denne lille dalen i Norge.

Artikkelen er i tillegg til skildringa av klatretilbodet eit solid stykke turistinformasjon som mellom anna anbefaler Rabben og Dønhaug som overnattingsstadar og også har fått med dei nye tilboda Thavogna og kafeen på Brekkeskallen.

Odd Magne Øgreid har tydelegvis vore ein solid informator og guide for amerikanarane. Artikkelen inneheld mellom anna ein historikk som opplysar at det var Per Vigerust som i 1987 etablerte den fyrste rute i Nåso etter å ha vitja fjellet i mange år. Seinare same året hadde han med seg Knut Bjerke og Jostein Bønnes og Ville Okser vart ein realitet.

Øgreid antar at 200 klatrarar er i Uskedalen kvart år. Samanlikna med dei mange tusen som besøker Yosemite i USA er ikkje det så mange men det er smigrande at den verdsberømte nasjonalparken vert trukke fram saman med Nåso.

Artikkelen kjem natuleg nok også inn på den nyttgjevne guideboka som skildrar alle 60 rutene. Hvis potensialet i Nåso vart fullt utnytta kunne det innehalda minst 150 ruter! Dei 10 som Øgreid rangerer høgast er lista opp i artikkelen.

Eit viktig moment som vert trukke fram er at dagane og dermed ljuset er så lange midt på sommaren - amerikanarane hadde 20 timar dagsljus,

Brendan beskriv grundig og eksakt korleis ein skal koma til klatre-eldoradoet vårt og til neste sommar vert det interessant å registrera den eventuelle effekten av artikkelen.

Den einaste innvending ein måtte ha til den er at vi hadde venta ein noko betre fotodekning.

Klikk på linken under så får du opp artikkelen.

Av Ola Matti Mathisen

<http://www.climbing.com/route/higher-calling-untouched-pristine-granite-domes-in-norway/>